

Årsmelding 2017

Tillitsverv i perioden

Styret

Leiar Inge Bakke
Nestleiar og hamnesjef Terje Edvardsen
Kasserar Ole Bosnes
Styremedlem Arne Hjertenes
Varamedlem Bjørn Erik Jensen

Revisorar

Bjørn Berge
Torleif Løken

Valnemnd

Geir-Ove Liseth
Thomas Bichardt

Aktivitetar

Styret

Styret har hatt 8 møter i årsmøteperioden, 7 møter i 2017 og eit i januar 2018.

Medlemmane

Laget har 87 medlemmar. 83 medlemmar har betalt årleg medlemskontingent med totalt 124.500 kroner. Dei fire styremedlemmane har i samsvar med vedtektene vore fritekne for å betale medlemskontingent.

Omsetjing av plassar

Det er omsett 5 plassar. 13 plassar er framleigd.

Klubbhus

Årsmøtet 2017 vedtok å bygge klubbhus etter plan lagt fram av styret, og med byggestart så snart som råd og innafør ei kostnadsramme på 700.000 kroner. Lånetilsegn, byggeløyve og tilbod frå Bygger'n Selje, Eid Elektro, Stadlandet VVS og Roe Myklebust vart innhenta av leiar og kasserar. Nestleiar har leia dugnadsarbeidet på bygget og heldt reiskap, maskiner og anna utstyr. Byggestart var 8. mai 2017. Bygget var ferdig utvendig 25. september. Innvendig arbeid går føre seg no. Til våren må det målast utvendig. Kasse omkring tett septiktank utanfor huset er ferdig. Det er trekt el-kabel mellom klubbhuset og boden ved A-brygga vidare til boden ved B-brygga.

Tiltak i hamna

- Kjøpt og montert bommer foran slippen.
- Nye vatn- og el-poster på brygge A og B.
- Lagt ut rør til vannpostene på brygge A og B.
- Skifta to bryggefortøyninger i indre del av brygge A, i retning mot moloen.
- Erstatta fire bolter i indre del av brygge B.
- Sveist plate i ytre del av brygge B.

Attstående tiltak

- Det må leggest ut straum til vann-/el-poster på brygge A.
- Det må monterast ny bryggeforankring midt på brygge B i retning mot muren.
- Medlemmar har foreslege ei mindre slippvogn for småbåtar, med ei vogge som kan vippast til side slik at ein kan komme til på ei side av båten om gangen. Styret har ikkje vurdert dette enno.

Dugnader

44 medlemmar og ein leigetakar har delteke på dugnad i hamna og på klubbhuset i løpet av 2017. Sidan klubbhuset ikkje er ferdigstilt enno, er det fortsatt høve til å delta på dugnad gjeldande for 2017. Når huset er ferdig vert det sendt ut krav på 800 kroner til dei som ikkje har delteke i det heile. Det er høve til å gje beskjed på telefon eller epost om de vil delta på dugnad fram til huset er ferdig.

19 medlemmar har kjøpt seg fri frå dugnad med eit samla beløp på 15.200 kroner.

Straum

6 medlemmar har betalt for straum med eit beløp på til saman 4.200 kroner.

På grunn av bygging av klubbhus må vi rekne med eit langt større straumforbruk enn i vanlege år. Særleg går det med mykje straum på grunn av naudsynt oppvarming av bygget før det har vore ferdig isolert.

Selje 18. januar 2018

Inge Bakke Leiar (sign.)	Terje Edvardsen Nestleiar, hamnesjef (sign.)	Ole Bosnes Kasserar (sign.)	Arne Hjertenes Styremedlem (sign.)
-----------------------------	---	--------------------------------	---------------------------------------